

Kyrkjelydsblad for Arna prestegjeld

Nr. 5

Arna Juni 1968

1. årgang

Frå salmeskatten vår

Pinsetid

No kjem den vene våren
då gras og blomar gror.

No kjem han fuglekoren,
det sumar vert her nord.

Alt høgre soli stiger
og sprengjer blad og knupp,
og livet det vinn siger,
stig etter nyfødd opp.

Dei fagre blomesenger
og åkrar rad på rad, —
dei grøne hage senger
og skog med tungut blad
skal læra oss å lova
vår Gud i samlyndt kor
for livsens store gåva
og nåde mot vår jord.

Me høyrer fuglar kveda
med tusundtunga ljod.
Skal ikkje me med glede
lovsyngja Herren god?
Mi sjel, din Gud til æra,
kved opp med frydesong!
Han vil oss nådig vera
og letta all vår trøng.

A, Herre Krist, vår Herre,
du hjartesoli klår,
lat hjarteisen terre
i harde hugen vår!
Lat ljoset ditt det bjarte,
din kjærleiks Ande gå
igjenom hug og hjarte
og kveikje blomar små.

Du Sarons reine lila,
Guds blom i grøne dal,
du vende oss til vilja
min hjartans tanke all!
Guds dogg frå Sion kome,
og eg i tru og von
kan stå som fagrast blome
i ljos på Libanon.

Velsigna årsens grøda,
send sol og regn vårt land,
og gjev oss alle føda,
velsigna land og strand!
Du våre sjeler nøre
med livsens brød og ord,
Din fader-arm oss føre
i all vår ferd på jord!

I. Kolmodin.

Konfirmantar Ytre Arna 1968



Jenter:

Sonja Haugland, Åse Gunn Hjelmås, Randi Langeland, Grete Henny Reigstad, Kari Eriksen, Marit Rivenes, Marta Hirt, Turid Brunborg, Astrid Haugland, Einy Rita Thunes, Beate Presthus, Gerd Nævdal, Bjørg Vedå, Solveig Skulestad, Åsa Mjelde, Sissel Steinsund, Sunni Mjelde, Berit Bjørsvik, Marion Johanne Solsvik, Ranja Røskeland, Helga Margrethe Vevle, Else Kristine Fonn, Anne Sonni Skage, Marit Helle, Ranveig Haugland, Rita Andersen, Åse Espevik, Unni Vik, Åse Frantsen, Greta Thunes.

Gutar:

Jon Gravdal, Ingmund Sætervik, Vidar

Espedal, Nils Birkeland, Paul Skaar, Trygve Fick, Ole Brunborg, Helge Ingvar Villanger, Sveinung Kalvik, Kåre Agnar Kalvik, Atle Kyte, Jann Eistein Sæther, Kåre Kalvå, Knut Inge Andersen, Geir Haugland, Roar Wik, Edvin Tore Stadheim, Max Loftås, Rune Kalsås, Moris Bengt Blindheim, Jan Bjørn Ekanger, Torbjørn Falkanger, Hermund Seievåg.

*Din Frelsar deg i dåpen tok
i fang og gav deg livet.*

*Ditt namn det vart i livsens bok
med Jesu Finger skrive.*

*Lat aldri synd og sut
få sletta namnet ut.*

Pinsehelg

Mange klagar over at pinsehelgi si tyding er uklår for deim. Dei historiske hendingar som har skapt jul og påske har dei sjølv sagt ingen vanske med. Heller ikkje den historiske hending at Heilag Anden kom til jordi pinsedagen. Men dermed er det slutt.

Resultatet av denne vantande forståing av pinsehelgi vert då, at høgtidi misser heilt ei meinings for mange. Det store som hende, at Heilag Anden kom, og det store faktum at Anden verkar på jord idag, — gjennom Guds kyrkja, det vert utan verd. — Det er vår og varme, fagerdom og ynde i naturi. Herleg å vera ute å nyta fagerdomen. Kva hev me vel å gjera i Guds hus? Hev me noko å læra der?

Jau, Guds ord hev noko å læra oss, om Andens gjerning. Sjå no berre på Jesus lærersteinar: Det var ikkje ein flokk modige menn som var samla pinsedags morgen. Nei, dei var nok ottefulle då som dei hadde vore sidan Langfredag og påskemorgon. Ottefulle, uvisse, modlause, veike. Visst hadde dei sett den oppstandne mange gonger, og tala med han, høyrt hans lærdomar. Men likevel. Det var so framandt det heile. Det var so utenkjeleg, uverkeleg. Det var som å gå i draume. Visst ville dei tru på det Jesus hadde sagt og forkynnt. Visst var dei inst inne klår over at han var den sann-

*Lat det stå skrive der
til Livsens krans du fer
av Jesus frelsarhender.*

ordige, som dei heilt og fullt kunne lita på. Men likevel. Ikkje eingong stengde dører kunne gjeva deim den indre ro dei trong.

So kom pinsemorgon. Og medan dei var saman og bad hende underet. På Jesu ordre, han som no truna i det høge, vart Anden send. For øyra lydde det som ei sterk susing. For auga tyktest det som eldtungor.

Men kvar var verknaden?

Det var den: Redde og modlause ungdomar stend fram og vitnar om dei store verk som Gud hadde fullført ved Jesus Kristus, — og det på eit språk som alle skyna, endå folkemengdi som var samla kom frå minst 15 nasjonar.

Tydingi av Jesu liv og død vart klærgjord for dei alle, og det med eit vitnefrimod som ingen før hadde kjent til.

Same gjerning utfører Heilag Anden enn idag. Ved vitnemålet om Jesus Kristus gjeng han frå folk til folk og skaper liv av døde, klårsyn hjå blinde, kraft hjå kraftlause, kjærleik hjå hatande, — eit nytt liv.

Dersom du vil, og dersom du bed Gud om det i Jesu namn. So gjer Anden same gjerning i deg og.

Ungdom!

Lat veggen din fram og opp ganga om eit kurs ved Sogn Ungdomsskule. Du er velkommen til kurset på 33 vikor, som tek til først i september. Du vil finna lærdom, utvikling og god vokster i godt og rikt miljø.

Skriv etter plan, adr. Balestrand.

Prestegardsliv

Minner frå norske prestegardar. I samling. Redigera av Elisabeth Christie. Det er presteborn som har skrive boki. Det er minne frå deira heimar frå ymse kantar av landet vårt. Minni rekk attende til århundradskiftet og fram til 1930 omlag. Dei yngste då representere ved Weider, Støylen, Høyem. Dei eldste er då rett nok frå 1816 og utover. Men då er det prof.dr.philos. Leiv Amundsen som skriv som fyrste mann og den mest namngjetne heimen i Noregs land. Om Eidsvoll prestegard der res.kap. Nicolai Wergeland det året flytter frå Kristiansand domkyrkja og ut på 14 dagars reis til Eidsvoll. 37 år gammal var han, fru Alethe på same alder og so del 5 borni: Henrik (9 år), Augusta (7), Harald (6), Camilla (4) og Oscar (2). Etter Camilla sine ord var prestegarden «øde, gyselig forfallen». Men likevel sat den gamle presteenkja etter Christoffer Munthe Leanger gråtande og hulkande i stolen sin — elles var stovene tome — «De græder fordi De drager in, med det er meget bitrere at forlade det». Hennar ord gjekk mykje godt i oppfylling for dei nye prestefolki som feste bu her. Og som vart heimen deira i 30 år. Men denne heimen si soga er kjend, for ho høyrer med i kultursoga vår i serleg meining.

Men ei merkjeleg og verdfull soga er det me les i elles og. Frå nord og sør, og samla er ho for å få eit bilet av, og for å ta vare på, kulturen frå ein epoke som no er åt å gli oss or minnet. For, segjer redaktøren, prestegarden er symbol i Noreg. Han vart ein kulturspreidar i landet, og serleg dei som vaks opp her, fekk inntrykk for heile livet, som dei tok med seg. Boki skal tena med til å planta deira inntrykk og arv yver i norsk kyrkjemark.

Men presteborni er dei verste av alle born

har det vore sagt. Denne 1. samling provar ikkje den herma. Det er både gutter og jenter som skriv. Dei nyttar ymse yverskrifter: «Barndomshjemmet i prestegården, sett med en tenåringens øyne» (Maria Fleischer f. Dahl), «Prestefolk i Finnmark og på Helgeland» (Aagot Daae, f. Dahl), «Der här jeg sagt godmorgen til min lykkeligste dag» (arkitekt Wilhelm Swensen), «En prestegård i gammeldags stil» (rektor Peter Marstander), «Om Sylling prestegård» Aagot Schröder f. Riddervold, «Vereide prestegård» (Johan Prytz), «Som det kunn arte seg på Sørlandet» (Mette Marie og Dina Mollestad), «Minner frå Meldal», (rektor Nils Brandt), «Prestehjem i Kristiania» (Ivar Holsvik «Et Finnmarksskall for 50 år siden» (Thora Jervell f. Meidell), «Et prestehjem» (Kåre Strøylen), «Personlige opplevelser fra Rygge prestegård» (1921-27, rektor Bjarne O. Weider), «Prestekone på Værøy» (Julie Krohn-Hansen, f. Konow), «Prestegårdsminner fra Møre og Trøndelag», (Gustav Kamstrup Høyem) og ikkje å gløyma: «Åseral prestegård» (Henrik Seip).

Eg har teke med innhaltslista. Og namnelista for då skal det tydeleg gå opp for deg — det er soga du les. Det er flotte namn. Undarleg er det å samanlikna dei med prestane idag. Det vert Per, Pål og Espen no yver heile skuta. Eit generasjons-skifte har det vorte, kyrkje mannskapet har vorte henta andre stader frå. Og som namni har ein noko framand klang i seg så er det vel slik med soga elles med. Når me får høyra om livet i gardane ved høgtid, feritid og kvardag. Dei mange rom i garden, dei mange tenarane dei mange gjestene sumar som vinter. Matberging. Det var ikkje små bordlag. Og rikdom kan me ikkje fortelja om nokon stad. Kr. 1900 var kontantene i Åseral t.d. Med fri bustad rett nok, men vedlikehaldet låg på presten. So

var det garden å lita på då. Ikkje telefonar. Milevis veg til dr. Stundom kom folk til presten og med dei sjuke for å få hjelp. Dei trudde han hadde vit på sjukdomar med for: «Du har då sta den same skule så doktaren». Vanskart og suter, strev og arbeid var det nok, men «Minnene» dreg for det meste fram gledestundene og rikdomane frå heimane. Kultur rådde det. Alle stader dyrka dei høgtlesing om kveldane. «Onkel Toms hytte» «Tremasteren Fremtiden», Dickens sine verk. Song og musikk dyrka dei og. Då tona «Jeg har båret lerkenes vinge» frå mange stover. «Syng kun i din ungdoms vår», «Jeg så ham som barn». Kjerulfsongane og tyske songar med. Arkitekten si mor — Astrid f. Lindeman førde meg seg til Lofoten: Kernberger, Philip Emanuel Bach og Johan Sebastian, Chopin. Thomas Tellefsen, sa dei, var kjæraste eleven hans og tok då og musikken hans med seg til det høge nord. Og salmesongen ved gry og kveld. Ei småjente frå ein av heimane kunne aldri gløyma salmen frå morgonbordet: «Syrk min kjære Fader du, eg vil ikkje syrgja».

Av og til får me og glytta inn i kyrkjelydane sitt liv. Berre sers lite frå kyrkjesundagane og hendingar i bygdene. Det friskar opp når det stundom vert teke med. Som t.d. konfirmantskulen på Rødøy der 70-80 konfirmantar var samla til skule. Og hadde med seg: Rekling, flatbrød, lefser og dei bytte med kvarandre «kistbatar». Sume drog kanskje heim til helgi og rørande er det å lesa då dei ein laurdag høyrde ropet: «No køla det ein båt utmed Galtneset» og lesarane kom i sjøen. Folk rodde på spreng og nådde fram. Men den eine guten fekk dei ikkje liv i. Og «det var årets flinkeste, kjekreste gutt som hadde mistet livet.» Seip og Høyem tykkjer eg er dei beste slik få noko av landet og susen derifrå med inn i minnene sine. Henrik og Gustav er gutter

og ferdast som slike helst utanom stovene. Henrik låg på heia om sumaren, dreiv sitt vesle kollektivbruk med syskina sine og sto opp kl. 3 om sumarmorgonen og fylgte slattekaren på bøen. Då banka drengen på glaset og guten reis opp tok på seg ei bukse og det var heile påklednaden. Berrfött gjekk dei alle frå tidleg til seint på året. Han og brørne lærde seg Åseralmålet ekte og beintfram og nyttet det på sine vegar. Men då dei kom inn i stova og tala med gjester og husets folk, sprang dei yver til kgl.norsk riksmål. Lenger var me ikkje komne. I Noreg som Holberg fortel frå Danmark. Tysk med hunden sin, fransk med kona si og so dansk med tenaren sin. Dei hadde og 2 bordlag og mattider. Tenarane for seg — dei trøng feitare kost, høyrer me.

Og Gustav frå Tingvoll og Orkdal. Han les runeskiftene yver altaret i kyrkja: «Men eg heitte Gunnar, og gjorde hus detta. Minnast mi sjel i heilage bøner». Ein gong spør guten far sin «At du verkeleg orkar alt maset med gardsdrift» «Takka vere den kan eg skaffa mat til alle borni mine, og kosta skule på dei utan å stifta gjeld.» Lat med slutta med å skriva av dette frå gardsdrifta. Det eneste arbeidet han ofte var med på, var å kjøre slåmaskinen om kveldene, når alle andre var gått til ro. Jeg var ofte med og rakte frå skåren og jeg husker godt disse kveldene. Fluer og klegg var borte, det var nok derfor vi kjørte om kvelden. En lett skyming over landskapet, et herlig farvespill i nordvest etter solnedgangen, en åkerrikse hørtes i det fjerne når hestene tok en pust i bakken. Vi kunne høre rugda, som pistret og knorret over sine faste trekk-ruter. Mot vest hevet kirketårnet sig mot himlen, og minte om at mens verden sov, var det et øye som våket over oss alle. Etter jobben var det å ri hestene til havnehagen. Der rullet de svetten av sig i det duggvåte gresset, og gav sig noen

herlige nattetimer i vold. Far og jeg gikk stille gjennom gårdstunet og fant våre senget med et: «Takk for i kveld». Det var tungt å forlate barndommens paradis, for å gå på middelskole i Trondheim, men på avstand lyste det jo i en enda sterkere glans.

Kyrklege handlingar

DØYPTE I ARNA:

- 6.4. Gunnar. Foreldre: Nils Johan Kjeseth — Anne Kitty Irene f. Myrvoll.
 - 6.4. Age. for: Malvin Asbjørn Førland, Judit Elin f. Bratland.
 - 6.4. Veslemøy. for: Vigleik Gjellesvik, Målfred f. Grønnevik.
 - 6.4. Linda. for: Johannes Ragfin Lavik, Torbjørg Rebekka f. Midbrød.
 - 10.4. Marianne. for: Olav Solberg Reknes, Evelyn f. Lunde.
 - 10.4. Ingrid Braastad. for: John Kvamme, Ragnhild Audny f. Braastad.
 - 11.4. Anita Kristin. for: Tor Kristian Ellingsen, Aslaug Irene f. Tveitaskog.
 - 12.4. Mari Irene Halland. for: Rolf Drangsholdt, Aud Karin f. Halland.
 - 12.4. Ingvar. for: Arne Ingvar Steine, Edel Karin f. Våge.
 - 12.4. Arvid. for: Willy Jensen, Elin f. Pettersen.
 - 14.4. Bente. for: Leiv Bjelland, Grethe f. Tunnes.
 - 14.4. Anne Britt. for: Jørgen Mjelde, Astrid Objørg f. Ottesen.
 - 10.2. Geir. for: Gerhard Thunestvedt, Reidun f. Gjerde.
 - 10.2. John Olav. for: Gunnar Bratland, Aud Johanne f. Ytredal.
- VIGDE:**
- 4.5. Alv Børve — Aud Marit Eide.
 - 4.5. Marten Olav Sandvik — Magni Sivertsen.
 - 4.5. Arvid Magnar Vågenes — Kristine Johansen.
 - 11.5. Helge Olsen — Kirsten Marit Flåm.
 - 18.5. Egil Nyteit — Kari Jensen.
 - 25.5. Per Birger Nævdal — Aud Karin Rosvoll.
 - 25.5. Nils Gunnar Skulstad — Bjørg Espeskog.
 - 25.5. Bjørn Johannes Skjoldal — Ellinor Særvold.
- AVLIDNE:**
- 10.2. Morten. for: Finn Sivertsen, Laila f. Fredriksen, Mjeldheim f. 1899.
 - 5.5. Mona. for: Arne Kleiveland, Elin f. Holdhus.
 - 5.5. Bjørn Olav. for: Dagfinn Fagertveit, Greta Johanna Andrea f. Haldorsen.
 - 5.5. Toril. for: Asbjørn Kalland, Jorunn Karin f. Indreærne.
 - 5.5. Aina. for: Kjell Nesse, Else Karin f. Hansen.
 - 5.5. Inger Johanne. for: Erling Kipper-sund, Anne f. Hovden.
 - 5.5. Kjell Arvid. for: Jakob Torvik, Kirs-tten Anna f. Valland.
 - 12.5. Sæbjørg. for: Ingvard Hageberg, Anna-Karin f. Lunde.
 - 12.5. Eivind. for: Jørgen Viken, Lilly Marie f. Unneland.
 - 18.5. Paul. for: Per Ingebrigtsen, Helga f. Gjervik.
 - 18.5. Lars Sigurd. for: Per Seim, Ingrid Gisela f. Stephansen.
 - 18.5. Roald Kåre. for: Ragnar Normann Herland, Solfrid Gunnlaug f. Reik-stad.
 - 19.5. Vigdis. for: Gunvald Ingebrigtsen, Sylvi Marie f. Steinsland.
 - 19.5. Inger Margrethe. for: Johannes Ber-tin Skulstad, Aug Karin f. Iversen.

DØYPTE, YTRE ARNA SOKN:

- 7.4. Stein Are Slettemark. for: sjøm. Stein Hausvik og Ragnhild f. Slette-mark.

- 11.4. Knut Leon. for: snikkar Karsten Nerdal og Laila f. Io, døypt Eivindvik.

- 12.4. Magnar. for: lærarsk.elev Nils Olsen og Sigfrid f. Asheim.

- 21.4. Henriette. for: lærarsk.elev Terje Hinna og Marit f. Sæther.

- 1.5. Kari. for: lærar Bjørn Gábríel Rak-land og Laila Johanna f. Kalsás.

- 11.5. Morten. for: Sigmund Larsen og Margun f. Tveit, døypt Slettebakken, Bergen.

- 17.5. Leif Egil. for: fabr.arb. Per Randulf Johansen og Solveig f. Eikeset.

VIGDE, YTRE ARNA SOKN:

- 20.4. tekstilarb. Tor Nævdal og tekstilarb. Eva Marie Knutsen.

- 27.4. stud.filol. Oddmund Lien og kontorist Kari Frantzen.

- 11.5. montør Knut Bjørn Uri og tekstilarb. Jorunn Munnveig Veland. (I domk. Bergen.)

AVLIDNE, YTRE ARNA:

- 3.4. tidl. tekstilarb. Lars Kalsás f. 1893.

Offeret som lyrisk motiv

Forsettelse frå førre nr.

I den blodraude frukta kjem offertanken oss inn på livet og forkynner i haustleg ro si doble livsoppgåve: verne den inste livskimen i frøet og tente som næring for det nye livet som skal spire.

Utan å gje svaret på kven som er vakrast av greinene, syner Aukrust oss det ordlause evangeliet som ligg gøymt i framboren frukt.

Eg gav deg den med blomar på,
eg gjev deg den med bæri.

Kven rikast er, vil du få sjå
litt lengre fram på ferdi.

For den som «kjærleg dømer», og kjenner naturlovene slik Aukrust kjende dei, oppfyller nok bære greinene offerkravet, kvar på sin måte, — og Tarjei Vesaas sitt dikt om treet i graset, melder seg att med sin innstrengjande livsbodskap der det ikkje lenger er spørsmål om blad eller frukt, men der heile treet tilsist ofrar seg sjølv ved å bli til mold for det som gror.

På ein meir livsrusande måte let Bjørnstjerne Bjørnson oss møte treet sin harde, men livsglade kamp for å bere frukt fram til nytte for anna liv. I diktet: «Treet», synar han oss offerkampen i tre avgjerande situasjonar: blomsterknoppen i si brestingsstund, sjølv blomstringsrusen sin fagerdom og til sist det mogne bærer som i grunnen er knoppen sin oppflyte livsdrøm. Frosten kjem og vil tyne knoppen, men treet ber om utsetting til blomen sit på. Med fin lyrisk innsikt let Bjørnson livsspenninga i dramaet leve ved å la treet be om denne korte utsettinga.

Treet stod ferdig med blad og med knopp.
«Skal jeg ta den?» sa frosten og pustede opp
«Nei kjære, la den stå til blomster sitter på»
bad treet og skalv ifra rot og til topp.

Men straks blomane står skinande utsprungne, kjem vinden farande og vil feie dei vekk og tvingar i denne avgjerande stunda fram den same utsettingsbøna i treet, som ikkje ber for seg, men for offeret som skal berast fram.

Treet fikk blomster, så fuglene sang.
«Skal jeg ta dem?» sa vinder og viftet og
slog med handa om blomstene i svang.
«Nei kjære, la dem stå til bærer sitter på!»
bad treet, i vindens det dirrende hang.

Den store livssjåaren og kjærleiks dikten, Bjørnson, let treet få oppleve at klokke ringjer for tredje og avgjerande gongen der bøner ikkje trengs fordi offermalet er nådd.

Høgs Glædsengane

8

Kyrkjelydsblad for Arna prestegjeld

Nr. 5

Og treet fekk bær under soløyets glød.
«Skal jeg ta dem?» sa jenta så ung og så
Vegen frå Bjørnson si kjærleiksvise om
livsofferet og over til Aasmund Olavsons
Vinje sin song om tyttebæret, er ikkje lang.
Men Vinje sender ikkje ei jente, ung og
raud, ut på fruktleiting. Han let den vesle
sveinen leggje til bærskogs ut for å møte
tyttebæret sin velkomstsong.

Ein gong seint om hausten lagde liten svein til bærskogs ut «Raudt eg lyser,» bæret sagd, «kom åt meg, du vesle gut!»

Vinje fører offertanken inn i ein uendelig samanheng ved å streke under den store
livsfalitten det ville vera om tyttebæret
ikkje kom til svalande nytte etter den lange
kampen frå det var *ei lita von* og til det
står i bleik haustsol som *raudleitt sin*. Kva
er ei frukt utan at ho kjem til nytte i ein
større samanheng? I menneskeskogen vil
alltid oppgåva og offertanken også stå i
eit komisk perspektiv.

*«Her i frå du må meg taka:
moge bær er utan ro,
mal meg sundt, at du kan smaka
svaledrykken av mitt blod!
Mognar du så vil du beda
just den same bøn som eg.
Mogen mann det mest må gleda
bort for folk å gjeva seg.»*

Vitskapen i dag vedkjenner seg evolusjonsteorien som går ut på at alle livsformene er runne av den same uropphavlege livskimen og at den eine forma tener den andre i ein uendelig lang utviklingsprosess. Naturen sine tallause ofringar er det primære og berande grunnlaget for evolusjonsteorien sine vitskaplege formlar. Lyrikken er ei av dei kunstgreinene som gjev dei tørre formlane vengeflog og perspektiv. Og sidan offeret er sjølve naturutviklinga

sin strukturjerne, er det ikkje å undrast over at lyrikarane stadig vender attende til offeret som motiv.

Dei få dikta som her er nemnde er berre ein ørliten freistnad på å syne kor sentralt
offermotivet står i lyrikken. Dei kunne
kanskje også verke som ein stimulerande
spore til vidare søking innover i eit av lyrikken sine rikaste og mest talande tema.

Preikeliste for Arna prestegjeld

JUNI: Sundag 16. juni: res.kap. Hope.

Arna: sokneprest Tesdal. Ytre Arna: res.kap. Hope.

SUNDAG 23. JUNI: Sundag 23. juni: res.kap. Hope.

Arna: res.kap. Hope. Trengereid: sokneprest Tesdal.

SUNDAG 30. JUNI: Sundag 30. juni: res.kap. Hope.

Arna: sokneprest Tesdal. Ytre Arna: res.kap. Hope.

JULI: Sundag 7. juli: res.kap. Hope. Nattverd.

Arna: res.kap. Hope. Nattverd. Sundag 14. juli:

Ytre Arna: res.kap. Hope. Nattverd.

SUNDAG 21. JULI: Sundag 21. juli: res.kap. Hope.

Arna: res.kap. Hope. Trengereid: kl. 18.00, res.kap. Hope.

SUNDAG 28. JULI: Sundag 28. juli: res.kap. Hope.

Arna: res.kap. Hope. AUGUST: Sundag 4. august:

Arna: sokneprest Tesdal. Nattverd.

SUNDAG 11. AUGUST: Sundag 11. august: res.kap. Hope.

Ytre Arna: sokneprest Tesdal. Nattverd.

SUNDAG 18. AUGUST: Sundag 18. august: res.kap. Hope.

Arna: sokneprest Tesdal. Trengereid kl. 18.00.

Bladstyrar er Res.kap. Harald Hope, Ytre Arna.

Forretningsførar: Olav Hartveit, Garnes.

Blandpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund.

96

55720 malenk
Bjørg Helle - 3. juli 1966.